



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 16.02.2024
Møtestad: Teams
Møtetid: kl 12.00 - 13.00
Tidsbruk: 1 time
Førebuingstid: 1 time

Møtedeltakarar	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	

Andre:

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Godkjenning

Lill Laugaland og Knut Hagen har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.



Foto: Jarle Lunde

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
001/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/24	Val av en medlem til å skrive under møteprotokollen saman med leiar	
003/24	Meldingar	
004/24	Delegasjonssaker	
005/24	Uttale til detaljplan innan miljø og landskap for utbedring av Blåsjø-Saurdal vassveg i Suldal kommune	
006/24	Eventuelt	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/194

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Sand, 19.02.2024

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 001/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/194

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Val av en medlem til å skrive under møteprotokollen saman med leiar

Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 19.02.2024

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Lill Laugaland blei føreslått
Samrøystes

VRN-AU - 002/24 Vedtak:

Lill Laugaland godkjenner møteprotokoll saman med leiar Knut Hagen.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/194

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Meldingar

Forslag til vedtak:

Sakene blir teke til orientering.

Sand, 19.02.2024

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
1	Korrigerings og oppnemning av ny varamedlem til villreinnemnda for Setesdalsområdet - Nissedal kommune
2	Vedtaks - godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Napevatn.
3	Dam Napevatn - oppsummering av møte om villreinhensyn
4	Dam Napevatn - oppsummering av andre møte om villreinhensyn

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 003/24 Vedtak:

Sakene blir teke til orientering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/194

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Delegasjonssaker

Sakene blir tatt til orientering

Sand, 19.02.2024

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
001/24	Uttale til søknad om oppføring av gjeterbu på gnr. 20, bnr. 1, Sirdal kommune
002/24	Uttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Vasstøl i Suldal kommune

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 004/24 Vedtak:

Sakene blir tatt til orientering

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	23/1546

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Uttale til detaljplan innan miljø og landskap for utbedring av Blåsjø-Saurdal vassveg i Suldal kommune

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda for Setesdalsområdet har følgjande merknadar til «*Detaljplan innan miljø og landskap for utbedring av Blåsjø-Saurdal vannvei*»:

- Kunnskapsgrunnlaget, utfordringar og forvaltninga av villreinen i området burde vore betre belyst i planen.
- Rehabilitering av tunnelen mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen er ei vinn-vinn sak og ei gladmelding for villreininteressene. Det forutset at det blir satt krav om at anleggsvegen gjennom tunnelen blir open for allmenn ferdsel etter at prosjektet er ferdig, og at noverande veg langs Oddåa blir stengd og/eller tilbakeført.
- Av omsyn til villreinen sin potensielle områdebruk bør arbeid og ferdsle langs Blåsjøvegen skje i barmarksesongen, og i så liten grad som mogleg om vinteren.
- Dersom ein må vinterbrøyte Blåsjøvegen, må ein stengje denne for allmenn ferdsel der den normalt er stengd grunna snøforholda (Breiastølsdalen).
- Det må vere ein tydelegare og meir detaljert plan i forhold til rutinar og varsling for observasjonar av villrein, og korleis anleggsaktivitet skal ta omsyn til dette. Me anbefalar her NVE å sjå til vilkår stilt i godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Napevatn i Nissedal kommune.
- Alternativ Nord 1 må ikkje nyttast til masselagring.

Sand, 19.02.2024

Vedlegg:

[360.4777112]Notat Blåsjø-Saurdal vv - DML supplerende informasjon - 08jan2024
Avgrensa høyring av detaljplan innan miljø og landskap for utbetring av Blåsjø-Saurdal
vassveg - Villreinnemda for Setesdalområdet. NVEs referanse_ 202220203-7 (1)
Statkraft Energi AS - detaljplan miljø og landskap

Saka

Bakgrunn

Ulla-Førre er Nord-Europas største vasskraftanlegg som utnyttar vatn frå eit over 2000 km² stort nedbørfelt. I vassvegen mellom Blåsjø og Saurdal, i Suldal kommune, er det gått ras. I tillegg er det lekkasjar frå tunnelen til terreng.

NVE ber om uttale til detaljplan for miljø og landskap frå Statkraft for utbetring av vassveg. Detaljplanen er utarbeidd for å beskrive konsekvensar og tiltak for miljø og landskap ved rehabiliteringstiltaka. Planane skal godkjennast av NVE

Det var eit administrativt møte mellom Suldal kommune og Statkraft 04.01.2024 om saka. Villreinnemnda sitt sekretariat deltok i dette møte.

Planlagt tiltak

Det planlagde prosjektet inneber rehabiliteringstiltak for Blåsjø – Saurdal vassveg. «*Det skal etableres ny bypassstunnel rundt raset i tilløpstunnel, ny adkomststunnel fra Saurdal (bypass rund eksisterende adkomst) og ny tverrslagstunnel fra Øvre Moen, og det vil bli behov for å etablere masselagere for overskuddsmassene.*»

I Saurdal blir det søkt om å nytta allereie opparbeidde areal som riggområder og mellomlager. På Øvre Moen er det i hovudsak planlagt å nytte tidlegare berørte areal som riggområder.

Anleggsstart er ikke fastlagt og det er mogleg at arbeid vil bli utført i fleire fasar. Det er planlagt gjennomføring av anleggsdrift gjennom heile året.

For å kunne gjennomføre tiltaket på Øvre Moen må vegen truleg vinterbrøytast frå skitrekket på Gullingen og austover fram til Oddatjørndammen.

Eksisterande anleggstunnel frå Øvre Moen til Oddatjørndammen er for tida stengt av på grunn av sikkerheit. Den er planlagt rehabilitert for å kunne nyttast i anleggsfasen, og rehabiliteringa er antatt utført i ein egen entreprise.

Villrein i planen

Miljødirektoratets naturbase kart og dyreposisjoner.no er nytta som kjelder for villreins områdebruk og det blir vist til «at det til tider er rein i området». Det blir forslått følgande avbøtande tiltak:

Det bør etableres bom for å hindre allmennheten fra å kjøre bil lengre enn i dag for å unngå forstyrrelse av villreinen.	Byggherre	Før anleggsstart
Jevne ut brøytekanter på deler av strekningen Sandsa-Øvre Moen slik at det blir mulig for villreinen å krysse under anleggsperioden.	Byggherre	Ved gjennomføring
Vurdere om sprenging kan legges til perioder det normalt ikke er rein i området.	Entreprenør	Før anleggsstart
Anleggsarbeidet skal stoppes om det kommer rein inn i anleggsområdet. Arbeidet skal stoppes til reinen er utenfor igjen.	Entreprenør	Ved gjennomføring

Vurdering

Det er viktig å ha fokus på villrein i denne type saker, og dermed også i ein detaljplan. Sekretariatet saknar eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Særleg er følgjande punkt relevante:

- Villreinen er ein ansvarssart og tiltaksområde ved Øvre Moen og anleggsvegen dit ligg i nasjonalt villreinområde. Jamfør den regionale Heiplanen skal det mellom anna «*legges spesiell vekt på å unngå virksamhet, aktivitet og forstyrrelse i vinterbeiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder*». Områda frå Blåsjø til Sandsavatnet er noko i bruk som vinterbeiteområde. Nærområda til Øvre Moen har i særleg grad vore nytta som vårbeite. Det er registrert eit trekkområde over Oddåa mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen.
- Setesdal Ryfylke blei i 2022 klassifisert til dårleg kvalitet etter kvalitetsnorm for villrein. Årsaka til at områda ikkje oppnår god kvalitet er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter. Dette påverkar reinens bruk av fjellområda, ikkje minst på vestsida av Blåsjø.
- Regjeringa har vedteke at det skal utarbeidast ein tiltaksplan for villreinområdet for å betra forholda for villreinen. Dette arbeidet er pågåande. I utkast til tiltaksplan som blei levert Miljødirektoratet i desember 2023 er det foreslått to konkrete villreintiltak ved Øvre Moen:
 - 1) Bomming av veggen ved Øvre Moen fram til 19. august
 - 2) Opning av stengd anleggstunnel frå Øvre Moen til Blåsjø
- Etter ein prosess blei det for Setesdal Ryfylke i januar 2023 sendt ut ein "Beredskapsplan – tiltak for å lette tilhøva for villreinen i vintrar med særleg vanskelege beitetilhøve" (bl a sendt til Statkraft). Planen skisserer forslag til tiltak og rutinar i forhold til vintrar med særleg vanskelege beitetilhøve. Som tidlegare nemnt er områda vest for Blåsjø noko i bruk om vinteren, særleg av bukk. I vintrar med vanskelege beitetilhøve (nedising/snømengde) i dei mest sentrale vinterbeiteområda, vil også fostringsflokkar kunne søke mot alternative beiteområde. I slike vintrar kan også lågareliggande område vere viktige.

I detaljplanen for miljø og landskap står det at «framdriftsplan vil bli ettersendt når den er klar». I møte med Statkraft 04.01.2024 blei det opplyst at arbeidet truleg vil ta 3 år og at vinterbrøyting av veggen inn til Øvre Moen er naudsynt ein vintersesong. Av omsyn til villreinen sin potensielle områdebruk bør arbeid og ferdsle i området skje i barmarksesongen, og i så liten grad som mogleg om vinteren. Dersom ein må brøyte veggen, må ein stengje denne for allmenn ferdsel der den normalt er stengd grunna snøforholda (Breiastølsdalen).

I detaljplanen blir det lagt opp til avbøtande tiltak for å redusere negativ påverknad dersom det blir observert villrein i anleggsområdet. Her må ein også inkludere ferdsle på anleggsvegen. Rutinar for observasjon av villrein og korleis eventuelle tiltak skal gjennomførast er i liten grad omtalt. Dette må betrast. Sekretariatet anbefaler her at NVE stille eit tilsvarande vilkår som i godkjenning av detaljplan for miljø og landskap av 18.09.2023 for rehabilitering av dam Napevatn i Nissedal kommune. Her er det stilt vilkår om eit nært samarbeid mellom konsesjonær og villreinnemnda, inkludert varslingsrutinar for villrein i området og korleis anleggsaktivitet skal ta omsyn til observasjonar av villrein. Det vil t.d. vere stor forskjell på om det er nokre bukkar nær anleggsområde/anleggsveg versus ein fostringsflokk som søker mot alternative beiteområde grunna klimatiske forhold. Ei vurdering må derfor skje utifrå situasjonen (bla anna omtalt i nemnde beredskapsplan). Eit tiltak vil kunne vere å stille arbeid og ferdsel i området på vent.

I detaljplanen går det fram at eksisterande anleggstunnel frå Øvre Moen til Oddatjørndammen er planlagt rehabilitert som del av prosjektet. I utkast til tiltaksplan som blei levert Miljødirektoratet i desember 2023 er opning av tunnelen foreslått som eit tiltak for å betre trekkmoglegheitene for villrein vest for Blåsjø. Rehabilitering av tunnelen er altså ei vinn-vinn sak og ei gladmelding for villreininteressene. Det forutset at det blir satt krav om at anleggsvegen gjennom tunnelen blir open for allmenn ferdsel etter at prosjektet er ferdig, og at noverande veg langs Oddåa blir stengd og/eller tilbakeført.

Det er vurdert fleire alternative områder for deponering av overskotsmasser frå tunnelutbetringa både ved Øvre Moen og i Saurdal. Eit alternativ for lagring av massane, men som ikkje er prioritert i planen, er utbetring av vinteråtkomst frå Lauvastølsvegen vest for Vasslia (Alternativ Nord 1). Tiltaket ligg innanfor leveområde for villrein og vil kunne lette ferdsel inn i villreinområdet. Sett frå villreininteressene er dette ei dårleg løysing.

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 005/24 Vedtak:

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda for Setesdalsområdet har følgjande merknadar til «*Detaljplan innen miljø og landskap for utbedring av Blåsjø-Saurdal vannvei*»:

- Kunnskapsgrunnlaget, utfordringar og forvaltninga av villreinen i området burde vore betre belyst i planen.
- Rehabilitering av tunnelen mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen er ei vinn-vinn sak og ei gladmelding for villreininteressene. Det forutset at det blir satt krav om at anleggsvegen gjennom tunnelen blir open for allmenn ferdsel etter at prosjektet er ferdig, og at noverande veg langs Oddåa blir stengd og/eller tilbakeført.
- Av omsyn til villreinen sin potensielle områdebruk bør arbeid og ferdsle langs Blåsjøvegen skje i barmarksesongen, og i så liten grad som mogleg om vinteren.
- Dersom ein må vinterbrøyte Blåsjøvegen, må ein stengje denne for allmenn ferdsel der den normalt er stengd grunna snøforholda (Breiastølsdalen).
- Det må vere ein tydelegare og meir detaljert plan i forhold til rutinar og varsling for observasjonar av villrein, og korleis anleggsaktivitet skal ta omsyn til dette. Me anbefaler her NVE å sjå til vilkår stilt i godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Napevatn i Nissedal kommune.
- Alternativ Nord 1 må ikkje nyttast til masselagring.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/194

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	16.02.2024

Eventuelt

Sand, 19.02.2024

16.02.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

1. Villrein over E134 og varslingsrutiner
Villrein har i februar kryssa E134 over Dyrskartunnelen og vore i områda Dyrskardnuten/Stavsnuten. Jamfør CWD-situasjonen på Hardangervidda er dette ikkje ønskjeleg. SNO har oppsyn med flokken og har funne det lite hensiktsmessig å gjere forsøk på å flytte dei sørover ut i frå situasjonen.
Det er særst viktig at dyra ikkje blir uroa, noko som kan medføre at dei flyktar nordover. Men kven informerer og til kven? Statsforvaltar, kommune eller villreinnemnd? Haukelister fjellstue gjer truleg allereie ein god jobb. Det var semje i arbeidsutvalet at sekretær ser nærare på saka og legg fram eit forslag for AU på e-post.
2. Bestandsplan og prosessen framover
Bestandsplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde skal behandlast på vårmøte. Det ligg fleire "føringar" for arbeidet utover krava etter hjorteviltforskrifta, blant anna brev frå Miljødirektoratet om anbefalingar for bestandsforvaltninga (24.01.2024), kvalitetsnorm for villrein og arbeidet med tiltaksplan for villrein. Det var semje om å sende eit skriv til villreinlaga om forventningar til arbeidet. Sekretær skriv eit forslag som AU får tilsendt på e-post.
3. Møtegodtgjering
Det var semje om 1 time for møte + 1 time for møteførebuing

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:
<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>
Det blir oppfordra til å sende inn honorarkrav i etterkant av kvart møte. Da får du betalinga raskare og den som skal halde oversikt over utgiftene får ei enklare oppgåve. Bruk lønntart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

Satser utvalg	2023	2024
Leder	685,00	721,00
Medlem	518,00	545,00
Møteforberedelser leder	518,00	545,00

VRN-AU - 006/24 Vedtak:

1. Villrein over E134 og varslingsrutiner
Sekretær legg fram eit forslag til rutinar for AU på e-post.
2. Bestandsplan og prosessen framover
Arbeidsutvalet sender eit skriv til villreinlaga om forventningar til arbeidet. Sekretær skriv eit forslag som AU får tilsendt på e-post.
3. Møtegodtgjering
1 time for møte + 1 time for møteførebuing